Ole Kolås,
Slettevegen 782.
5939 Sletta.

04-March-2014

**Kven styrer Radøy kommune?**

Radøy Kommune,
5936 Manger.

ME VENTAR PÅ SVAR!

Eg har vore skogreisingsleiar / skogmeistar i tretti år i Radøy kommune.

Ved sida av har me hatt eit bruk gnr,100 bnr,3 i Radøy som me har satsa på at son vår, Pål Bjarte Kolås skulle overta. Han fekk skyøte på eigendomen for lenge sidan.

Han har alt frå barneåra vore med på gardsarbeidet, - og tok agronomutaninga på Stend jordbruksskule.

Han tenkte at har skulle gjera ein leveveg av gardsbruket, men no har han gjevè opp fordi han ikkje får svar frå kommunen på enkelte spørsmål.

Han har altså gjeve opp med ubesvarte spørsmål til styresmaktene, men eg vil ha svar på kvifor han ikkje får svar.

Eg har kikka litt i arkiva hans, og har funne ut at han spurde Radøy Kommune den:

| | | |
|---|---|---|
| 7. 9. 2010 | om det er bu og driveplikt i Radøy Kommune: | IKKJE SVAR! |
| 1.10. 2010. | Etterlyste svar på spørsmål i brev 7.9.2010. | IKKJE SVAR! |
| 24.11. 2011. | Tok kontakt med sjlvaste ordføraren. Han lovde å koma, men han måtte ha fri i to dagar for han hadde avtalar han måtte halda. | KOM IKKJE! |
| 22.02. 2011 | sende han brev til Fylkesmannen i Hordaland. Dei sende brever over til Radøy Kommune. Han har ikkje fått melding om at kommunen har motteke brevet. Har brevet kome vekk ?. | ?. |
| | For ei tid sidan hadde Pål Bjarte og ordføraren avtale om å møtast på hans kontor i Radøy Kommune kl. 12,oo Han møtte på kontoret til fastsett tid,- men ordføraren kom ikkje, - og ingen visste kor han var. | KOM IKKJE? |

NO VENTAR ME PÅ SVAR OMGÅANDE!

Ole Kolås

Ole Kolås.                Sletta 28/2-14